


NOKUTs tilsynsrapporter

Vesentlig endring - Barsel og barnepleie

Østfold fagskole

Desember 2013



Utdanningssted:	Østfold fagskole, fjernundervisning
Utdanningstilbud:	Vesentlig endring av Barsel og barnepleie
Dato for vedtak:	18.12.2013
Fagskolepoeng:	60
Sakkyndige:	Anne Margrete Fylkesnes og Aslaug Grov Almås
Saksnummer:	13/188

Innhold

1 Innledning.....	1
1.1 Informasjon om tilbyder og utdanningstilbudet	1
2 Faglig vurdering av utdanningstilbudet	1
2.1 Faglig innhold.....	1
2.1.1 Planen for utdanningstilbudet (kriterium 6)	1
2.2 Undervisning, tilrettelegging og arbeidsformer.....	3
2.2.1 Undervisningsformer og arbeidsmetoder (kriterium 8)	3
2.2.2 Det pedagogiske opplegget (kriterium 9).....	4
2.2.3 Praksis (kriterium 10).....	5
2.2.4 Undervisningspersonalets størrelse (kriterium 11)	6
2.2.5 Undervisningspersonalets kompetanse (kriterium 12).....	6
2.3 Eksamens- og vitnemål.....	7
2.3.1 Eksamens- og vurderingsordningene (kriterium 13).....	7
2.4 Infrastruktur	7
2.4.1 Undervisningslokalene (kriterium 15)	7
2.4.2 IKT-tjenester (kriterium 16).....	8
2.4.3 Tilgang på aktuell informasjon (kriterium 17)	9
2.5 Oppsummerende vurdering og konklusjon fra de sakkynndige	9
2.6 Tilsvarsrunde	10
3 Vedtak	10
4 Dokumentasjon	10
Vedlegg 1:.....	11

1 Innledning

1.1 Informasjon om tilbyder og utdanningstilbudet

Østfold fagskole har 12. februar 2013 søkt NOKUT om vesentlig endring av det godkjente utdanningstilbudet *barsel og barnepleie*. Tilbuddet ble godkjent av NOKUT i vedtak av 7. mai 2006. Utdanningstilbudet er et ett-årig tilbud som gis på deltid over to år, 60 fagskolepoeng. Det søkes nå om å gi utdanningstilbudet som fjernundervisning. Det er søkt godkjenning for inntil 30 studenter.

I denne rapporten er følgende kriterier for godkjenning av utdanningstilbud vurdert: 6, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 15, 16, 17. De sakkynige som har vurdert søknaden er Aslaug Grov Almås og Anne Margrethe Fylkesnes.

Tilbyder fikk sitt system for kvalitetssikring godkjent av NOKUT 18. oktober 2010, jf. NOKUTs sak 10/338-2. Styreordningen og reglementet er tidligere funnet tilfredsstillende, jf. NOKUTs sak 11/120-13.

NOKUT har gjennomgått søkeres hjemmesider, <http://fagskolen.ostfoldfk.no/>. Tilbyder gir relevant informasjon som ikke kan føre til misforståelse om bruk av fagskolebegrepet. Informasjonen på søkeres nettsider er i samsvar med søkerens innhold og godkjenningsstatus i NOKUT.

2 Faglig vurdering av utdanningstilbudet

De faglige kriteriene som skal vurderes i forbindelse med denne endringssøknaden er likeverdige. Kriteriene står skrevet i NOKUTs Retningslinjer for kvalitetssikring og godkjenning etter lov om fagskoleutdanning, datert 26.01.2009. De sakkynige må finne alle kriteriene tilfredsstillende for at endringen i utdanningstilbudet skal kunne godkjennes.

2.1 Faglig innhold

2.1.1 Planen for utdanningstilbudet (kriterium 6)

«Planen for utdanningstilbudet skal beskrive utdanningstilbudet som en helhet og må:

- inneholde navn, mål, omfang, faglig innhold - herunder praksis, lærestoff, undervisningsformer og arbeidsmetoder lærerstøttet undervisning og selvstudier/egenarbeid, forventet arbeidsmengde for studentene og vurderingsordninger.
- beskrive sammenhengen mellom de forskjellige fag, deler og kvalifikasjoner som inngår eller kan inngå i utdanningstilbudet.
- være utformet slik at studentene kan kontrollere at de får det utdanningstilbudet de er lovet.»

Presentasjon

Hovudmålsettinga for fagskuleutdanninga i helse- og oppvekstfag er å utdanna reflekterte yrkesutøvarar med høg yrkesetisk standard som tek initiativ til å planlegge, organisere og iverksette tiltak med tenesteytarar og brukarar. Det er lagt opp til eit tverrfagleg perspektiv. Ein har eit fellesemne og fleire tilleggsemne. Oppbygginga og det faglege innhaldet er forklart.

Studiet sin oppbygnad er prøvd sett opp i ein tabell (s. 7). Denne tabellen seier noko om antal samlingar og kva emne som skal inngå i desse samlingane.

Kvart emne er gjort greie for med læringsutbyttebeskrivelsar og arbeidskrav.

Vurdering

Namn, emneinndeling, emneinnhald og mål for faget fungerer godt saman. Omfanget verkar også greitt. Sidan bruken av IKT er ein sentral del bør det forklaraast for studentane tidleg i studiet.

Praksis er forklart med 8 + 4 veker. Innhaldet er kort forklart og ikkje skrive inn som ein del av studiets læringsformer under emnebeskrivelsane. Det er heller ikkje knytt opp mot læringsutbytte.

Studiet sin oppbygnad er prøvd sett opp i ein tabell (s. 7). Denne tabellen seier noko om antal samlingar og kva emne som skal inngå i desse samlingane. Tabellen burde vore utvida med kva som skal liggja i første og andre år, samt kva arbeidskrav og innleveringar studentane skal gjera, vekeoversikt, dato for innlevering, praksisperiodar med meir.

Me vil også vita noko om kva tid samlingane er plassert, kva læringsformer som blir veklagt på samlingane, vekedagar, obligatorisk frammøte. Kva skjer til dømes om ein ikkje møter på ei samling?

Det må vurderast om antal arbeidskrav bør reduserast og det må gå klart fram for studentane om dette er obligatorisk.

Undervisningsformer nemnt i utdanningsplanen er relevante. PBL er nemnt i revidert søknad men dukkar ikkje opp i Utdanningsplanen. Undervisningsformer og arbeidsmetodar i nettbasert form er svært lite forklart. Det krev meir tenking rundt korleis metodane skal brukast på samlingar og på nett. Me ser heller ikkje forklaring på korleis nettet skal brukast mellom samlingane. Det kunne vore med i ein utvida studiemodell. Skal undervisninga skje i eit nettmøte med studentane eller skal det sendast ut ein PowerPoint/multimedia presentasjon via nettet (Fronter)? Samling 9 burde innehalda førebuing til emne 6. Me lurer også på om samling 10 er ei eksamenssamling med munnleg høyring/presentasjon.

Samlingane skal vera på 24 timer over 3 dagar. Er det tenkt bruk av laurdag/søndag? 8-16? Og kva typar arbeidsformer skal nyttast?

Når det gjeld vurdering: det er ikkje samsvar mellom skulen sitt reglement og undervisningsplanen. Det gjeld særleg bruken av mapper, som ikkje er nemnt i utdanningsplanen. Skal arbeidskrava ha karakter eller ikkje? Er modul det same som emne? Det er viktig å ha god bruk av omgrep.

Hovudprosjektet er ein viktig del av studiet. Det er lagt opp til fire obligatoriske rettleiingar som studenten sjølv skal ta initiativ til. Me synes det er mykje og meiner at kanskje to av desse kunne vore

felles rettleiing for heile gruppa. Kva skal rettleiast via nett og kva skal gjerast på samlingane? Ein bør også vurdera om noko av oppfølginga av praksis kan gjera via nettet.

Litteraturlista er sett opp med ei inndeling etter emne. Det manglar ei komplett bokliste med dato over kva tid bøkene er gjevne ut.

Under alle emne (bortsett frå 6) seier ein at føresetnader ikkje er nødvendig. Kva betyr det?

Konklusjon

Nei, kriteriet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må:

- utvikla ein meir tydeleg plan som gjer det lettare for studenten å få oversikt over studiet (plassering av praksis, plassering av samlingar, viktige datoar/periodar for innlevering av arbeidskrav)
- gjera greie for korleis teknologien skal brukast i ulike undervisningsformer
- gjera greie for korleis studentane skal arbeida/undervisast mellom samlingane

2.2 *Undervisning, tilrettelegging og arbeidsformer*

2.2.1 **Undervisningsformer og arbeidsmetoder (kriterium 8)**

«Undervisningsformer og arbeidsmetoder skal være tilpasset opptakskrav og mål.

- Lærernes undervisningsformer og studentenes arbeidsmetoder skal være varierte og bygge på den modenheten studentene har oppnådd som elev eller lærling i videregående opplæring. Alle former og metoder skal beskrives, herunder tilrettelegging for og gjennomføring av e-læring og fjernundervisning.»

Presentasjon

I undervisningsplanen er dei ulike undervisnings- og arbeidsformene forklart. Korleis undervisnings- og arbeidsformene skal brukast inn i eit nettbasert studie er ikkje forklart. Det er sagt at Fronter er læringsplattformen som skal brukast i det nettbaserte studiet.

Vurdering

Dei beskrivne undervisnings- og arbeidsformene er varierte og etter vår mening hensiktsmessige. E-læringsdelen av studiet er ikkje forklart og læringsformene er ikkje sett inn i dette perspektivet. Det er viktig med gode forklaringar til korleis den nettbaserte læringsplattforma og dei ulike mulighetene som ligg i ho skal brukast som eit godt læringsverktøy inn i dei ulike undervisnings- og arbeidsformene. Det er uklart korleis både lærar og studentar skal bruka teknologien. Formell og uformell vurdering er brukt som omgrep. Korleis vert dette knytt til e-læringsverktøy?

Konklusjon

Nei, kriteriet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må beskriva og konkretisera lærings- og arbeidsformer i det nettbaserte studiet.

2.2.2 Det pedagogiske opplegget (kriterium 9)

«Det pedagogiske opplegget skal sørge for oppfølging av studentene både som gruppe og som individ og skal så langt det er mulig og rimelig, tilrettelegges etter enkeltstudenters særskilte behov.»

Presentasjon

Det er sagt lite om oppfølging av studentar som gruppe og som individ, bortsett frå då dei er i praksis. Refleksjon og diskusjon er framheva som viktige element i studenten sin læringsprosess. Ut frå kor utdanninga har intensjonsavtalar med helseføretak, synes det som om studentane mellom samlingane kan vera på fleire ulike stader i landet. Det er ikkje, korkje i undervisningsplanen eller i søknaden, reflektert over korleis ein skal bruka læringsplattforma for å leggje til rette for studentane sine læringsprosesser på ein god måte.

Under kvart emne er det lagt inn fleire arbeidskrav som studentane skal gjennomføra. Om desse arbeidskrava er obligatoriske eller ikkje, kjem utsynet fram i undervisningsplanen, men det er sagt at studentane skal få tilbakemelding på sine arbeid innan 14 dagar.

Studentar som har bruk for det, får tilgang til retteprogram.

Retningslinjer for eksamen og vurdering er beskrive i både undervisningsplan og skulereglement.

Vurdering

Sidan dette er eit deltidsstudie oppfattar me det slik at studentane er i arbeid samstundes som dei er studentar. Dette er det ikkje gjort greie for. Det er heller ikkje gjort greie for korleis studiet skal organiserast i praksisperiodane, då med tanke på tidspunkt for felles samlingar, nettmøte, grupperettleiing.

Dersom alle arbeidskrav skal ha ei så lang responstid, når dette er ein del av ei prosessutvikling hos studenten, så bør ein kanskje redusera antal arbeidskrav. God og tett oppfølging av studentar er viktig i nettstøtta utdanningar.

Vurderingsordningar er beskrivne, men ikkje reflektert i samanheng med at studiet no skal omgjerast til eit nettstudie.

Konklusjon

Nei, kriteriet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må:

- konkretisera korleis praksis skal «nettbasert» (jf. kriterium 10)
- konkretisera kva for arbeidskrav som er obligatoriske og korleis tilbakemeldingar og vurderingar skal gjerast gjennom bruk av nett og Fronter. Vidare vurdera om antal arbeidskrav skal reduserast
- konkretisera korleis eksamen og vurderingsordningar skal gjennomførast i eit nettbasert studie

2.2.3 Praksis (kriterium 10)

«Praksis skal være beskrevet i planen som ethvert annet faglig element, og være relatert til de kvalifikasjoner studenten skal få gjennom sin utdanning.»

Presentasjon

Praksis skal etter undervisningsplanen utgjera 25 % av utdanninga. Avdelingar som er aktuelle å ha praksis ved er konkretisert. Det same gjeld aktuelle praksisplassar. I undervisningsplanen er praksis forklart som ein lærings- og arbeidsmetode. Dette kjem ikkje fram under dei ulike emnebeskrivingane. Det er gjort tydeleg kor mange veker studentane skal vera i praksis på dei ulike avdelingane, men det er ikkje tydeleg om praksis er samanhengande 8 + 4 veker og kor det kjem i utdanningsløpet.

Vurdering

Praksis er ikkje knytt opp til dei aktuelle emna og læringsutbyttebeskrivelsane der. Me kan difor ikkje sjå at krav til studentane sine praksiskvalifikasjonane er beskrivne. Det er også vanskelig å få eit klårt bilet av kor praksis er plassert i utdanningsløpet. Er praksis plassert både i 1. og 2. studieår? Kan studenten ha praksis der ein sjølve arbeider?

Det er ikkje forklart korleis Fronter skal brukast som eit læringsverktøy knytt til praksis. Korleis kan nettet brukast i vurdering av praksis? Har praksisplassane/rettleiarane tilgang til Fronter og skal dei på nokon måte bidra inn i Fronter? Det er mange måtar å knyte saman praktisk og teoretisk arbeid, samt praksisrettleiar og lærar i same læringsplattform. Dette er det ikkje reflektert over korkje i undervisningsplanen eller i søknaden.

Konklusjon

Nei, kriteriet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må

- gjera tydelig korleis praksis er ein del av aktuelle emne og kva for læringsutbyttebeskrivelsar som er knytt til praksis
- gjera tydelig korleis nettet skal brukast i studentane sin læringsprogresjon i praksis og korleis nettet skal nyttast i vurderingssamanheng i praksis
- utvikla ein tydelig oversikt over organiseringa av studiet (jf. kriterium 6)

2.2.4 Undervisningspersonalets størrelse (kriterium 11)

«Undervisningspersonalet må være stort nok og stabilt nok til å gjennomføre fastsatt undervisning.»

Presentasjon

I oversikta over undervisningspersonalet er det beskrive at 1,2 årsverk er knytta til utdanninga. Dette er fordelt på tre personar.

Vurdering

Ut frå at dette er eit nettbasert studium over to år for 30 studentar, synes 1,2 årsverk å vera tilstrekkeleg.

Konklusjon

Ja, kriteriet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

2.2.5 Undervisningspersonalets kompetanse (kriterium 12)

«Undervisningspersonalet som skal være knyttet til utdanningstilbuddet må samlet ha kvalifikasjoner til å gi den undervisning som følger av planen.

Undervisningspersonalet må dokumentere:

- formell eventuell realkompetansevurdert utdanning som er høyere enn det det undervises i, dog aldri lavere enn tilsvarende toårig fagskoleutdanning
- pedagogiske kvalifikasjoner utdanning og erfaring på det nivå som undervisningen krever
- digital kompetanse i det omfang som undervisningen krever
- yrkeserfaring som gjør at undervisningen knyttes opp mot, og relateres til, dagens yrkesfelt.»

Presentasjon

Utdanningspersonalet sin kompetanse er synleggjort i ein tabell. Dei tre som er knytt til utdanninga er alle sjukepeiarar, ei er i tillegg jordmor. Alle har pedagogisk utdanning (PPU) og to av dei er definert som nettlærar. 0,2 av dei 1,2 årsverka, er enno ikkje tilsett.

Vurdering

Undervisningspersonalet som er knytt til utdanninga har tilfredsstillande fagleg, pedagogisk og digital kompetanse for gjennomføring av utdanninga. Dei har alle treårig sjukepleiarutdanning og i tillegg vidareutdanning innan sjukepleie. Vidare har dei to som er tilsette lang praktisk erfaring (19 og 21 år).

Konklusjon

Ja, kriteriet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

2.3 Eksamens- og vitnemål

2.3.1 Eksamens- og vurderingsordningene (kriterium 13)

«Eksamens- og vurderingsordningene skal være tilpasset utdanningstilbudet og dets mål.»

Presentasjon

Det er kun lagt opp til ein eksamen for utdanninga. Det dreier seg om et skriftleg arbeid med påfølgande munnleg høyring i emne 6. I tillegg til eksamen brukar ein begrepa formell og uformell vurdering. Vurdering av praksis og hovudprosjekt er gjort greie for.

Det er viktig at studenten lett kan få oversikt over kva som vert forventa i studiet. Vurdering av praksis og hovudprosjekt er forklart, men det er uklart korleis dei andre gruppeoppgåvene og arbeidskrava i dei ulike emna er ein del av vurderingsgrunnlaget. Kva datoar skal ulike oppgåver leverast og kva konsekvensar får det dersom noko ikkje vert levert? Uklar bruk av formell og uformell vurdering.

Det er mange oppgåver i studiet og i kva grad alt er obligatorisk må koma betre fram..

Konklusjon

Nei, kriteriet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må

- gjera tydeleg kor omfattande arbeidskrava i kvart emne er
- gjera tydeleg korleis vurderinga av dei ulike emna heng saman med endeleg karakter i kurset
- få fram kva konsekvensar det får dersom ein unnlet å gjera/ eller stryk på nokre av arbeidskrava

2.4 Infrastruktur

2.4.1 Undervisnings lokalene (kriterium 15)

«Lokalene inklusive spesialrom, utstyr og infrastruktur skal være tilstrekkelige i antall og størrelse til at undervisningen kan gjennomføres som forutsatt.

- Det gjelder både egne og leide lokaler. Utrustningen må være slik at den bidrar til å yrkesretta utdanningstilbudet.»

Presentasjon

Verken i søknaden eller undervisningsplanen er det sagt noko om lokala utdanninga disponerer.

Vurdering

Det kjem ikkje fram kva lokale og spesialutstyr ein har tilgjengeleg. Både fysisk og teknisk tilrettelegging bør koma langt betre fram. Årsrapporten for utdanningskvalitet trekkjer fram at det er trong for fleire grupperom generelt i kursa og dette vil vera spesielt nyttig i dette kurset med dei undervisningsformene som er forklart. I eit nettstudie bør tilgjengeleg teknisk utstyr forklarast. Har ein Whiteboard, videokanoner, kamera, lyd med meir.

Dette er også eit punkt som årsrapporten om utdanningskvalitet har peika på. Her står det at ikkje alt utstyr er oppdatert i forhold til teknologi og dagens behov.

Konklusjon

Nei, kriteriet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte

Tilbydar må gjera greie for kva lokale som er fysisk tilgjengelege og korleis dei er utstyrt.

2.4.2 IKT-tjenester (kriterium 16)

«Tilbyders IKT-tjenester må ha tilstrekkelig kvalitet og omfang til at opplæringen kan gjennomføres som forutsatt.»

Presentasjon

I søknaden er det sagt at lærarar og studentar har tilgang til PC med aktuell programvare og tilgang til Internett. Det er også inngått ein avtale med Høgskolen i Østfold om bruk av bibliotek.

Vurdering

Utdanninga fokuserer på at studentane må ha eigen PC og at dei får tilgang til PC når dei har undervisning. Det er viktig å få fram kva tilleggsprogramvare ein treng. Er det til dømes nødvendig med kamera til deltaking i nettmøter? Den tekniske programvara må knytast til kva dei tenkjer om vurdering og arbeidsformer.

Det er også sentralt å få fram om det er ein IT-tjeneste som ein kan få hjelp av om ein ikkje kjem seg inn på Fronter, korleis få kamera til å virka og så bortetter.

Bibliotektenesta til HiØ er nemnt. Kva inneber dette tilbodet? Har dei same avtalen med andre høgskular i andre delar av landet sidan studentane sannsynlegvis sit spreidd?

Konklusjon

Nei, kriteriet er ikkje oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

Tilbydar må gjera greie for kva IKT-tjenester studentane og lærarane har tilgjengeleg dersom ein treng hjelp til denne type spørsmål.

2.4.3 Tilgang på aktuell informasjon (kriterium 17)

«Studentene og lærerne må ha god nok tilgang på tjenester som sikrer aktuell informasjon.»

Presentasjon

Fronter vil bli brukt til læringsplattform og er ein sentral stad for deling av informasjon.

Vurdering

Det er viktig at dei dokumenta som vert distribuert på Fronter er tydelege og enkle å forstå. Ein bør sikre at det er samsvar mellom dei gjeldane dokumenta for studiet, til dømes utdanningsplan og skulereglement.

Konklusjon

Ja, kriteriet er oppfylt på ein tilfredsstillande måte.

2.5 Oppsummerende vurdering og konklusjon fra de sakkyndige

Tilbyder må

- utvikla ein meir tydeleg plan som gjer det lettare for studenten å få oversikt over studiet (plassering av praksis, plassering av samlingar, viktige datoar/periodar for innlevering av arbeidskrav)
- gjera greie for korleis teknologien skal brukast i ulike undervisningsformer
- gjera greie for korleis studentane skal arbeida/undervisast mellom samlingane
- beskriva og konkretisera lærings- og arbeidsformer i det nettbaserte studiet
- konkretisera korleis praksis skal «nettbaserast» (jf. kriterium 10)
- konkretisera kva for arbeidskrav som er obligatoriske og korleis tilbakemeldingar og vurderingar skal gjerast gjennom bruk av nett og Fronter. Vidare vurdera om antal arbeidskrav skal reduserast
- konkretisera korleis eksamen og vurderingsordningar skal gjennomførast i eit nettbasert studie
- gjera tydelig korleis praksis er ein del av aktuelle emne og kva for læringsutbyttebeskrivelsar som er knytt til praksis
- gjera tydelig korleis nettet skal brukast i studentane sin læringsprogresjon i praksis og korleis nettet skal nyttast i vurderingssamanheng i praksis
- utvikla ein tydelig oversikt over organiseringa av studiet (jf. kriterium 6)
- gjera tydeleg kor omfattande arbeidskrava i kvart emne er
- gjera tydeleg korleis vurderinga av dei ulike emna heng saman med endeleg karakter i kurset
- få fram kva konsekvensar det får dersom ein unnlet å gjera/ eller stryk på nokre av arbeidskrava
- gjera greie for kva lokale som er fysisk tilgjengelege og korleis dei er utstyrt
- gjera greie for kva IKT-tjenester studentane og lærarane har tilgjengeleg dersom ein treng hjelp til denne type spørsmål

Vi anbefaler å ikke godkjenne utdanninga.

2.6 **Tilsvarsrunde**

Østfold fagskole mottok 28. august 2013 utkast av tilsynsrapporten, og kunne komme med tilsvarende innen 9. oktober 2013.

NOKUT har ikke mottatt tilsvarende fra Østfold fagskole, og vedtaket fattes derfor på grunnlag av den innledende sakkyndige vurderingen.

3 **Vedtak**

NOKUT ved direktøren anser ikke de faglige kravene for godkjenning av utdanningstilbudet *barsel og barnepleie*, 60 fagskolepoeng, ved Østfold fagskole som oppfylt. Søknaden avslås derfor.

Vedtaket er fattet med hjemmel i:

- Lov om fagskoleutdanning 20.06.2003 nr. 56
- Kunnskapsdepartementets forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning av 01.02.2010 nr. 96
- NOKUTs retningslinjer for kvalitetssikring og godkjenning etter lov om fagskoleutdanning av 26.01.2009

4 **Dokumentasjon**

Rapporten er skrevet på bakgrunn av

- Søknad fra Østfold fagskole, datert 12. februar 2013, om vesentlig endring av fagskoleutdanningen *barsel og barnepleie*.
NOKUTs saksnummer: 13/188

Vedlegg 1:

Sakkyndig komité

Den sakkyndige komité har bestått av følgende medlemmer:

- **Høgskolektor Anne Margrete Fylkesnes, Høgskolen i Oslo og Akershus**
Anne Margrete Fylkesnes er utdannet sykepleier og jordmor. Hun har utdanning som sykepleiepedagog fra Universitetet i Tromsø (1980-82) og hovedfag i yrkespedagogikk fra Høgskolen i Akershus (1993-98, deltid). Videre har hun studert helsetjenesteadministrasjon, forskningsmetoder og kunnskapsbasert praksis i helsetjenesten (KBP). Fylkesnes arbeidet som jordmor frem til 1980. Hun har etter dette undervist ved Sykepleiehøgskolen Stord og Menighetssøsterhjemmet. Fylkesnes har vært ansatt ved avdeling for sykepleierutdanning, jordmorutdanningen ved Høgskolen i Oslo og Akershus siden 1992.
- **Førsteamanuensis Aslaug Grov Almås, Høgskulen Stord/ Haugesund**
Aslaug Grov Almås er utdannet adjunkt med informatikk i fagkretsen. Hun har mellomfag og hovedfag i pedagogisk informasjonsvitenskap. I 2009 tok Almås doktorgrad i pedagogikk ved Universitet i Bergen. Almås har arbeidserfaring som lærer fra Stord Yrkesskule og tekniske fagskule, Stord opplæringssenter. Hun har arbeidet som høgskolektor i pedagogisk informasjonsvitenskap og vært tilknyttet Norgesuniversitetets ekspertgruppe. Almås har deltatt i fagplanutvalg for IKT for Norges forskningsråd. Hun har vært ansatt som førsteamanuensis, IKT og læring ved Høgskulen i Stord / Haugesund siden 2009.

De sakkyndige har erklært at de ikke har tilknytninger til utdanningstilbudet eller tilbyder, som gjør dem inhabile til oppdraget.

Søkerinstitusjonen har fått anledning til å uttale seg om NOKUTs forslag til sakkyndige, og har ingen merknader.